

Høve for godkjende serveringsstader og restaurantar å kjøpe fersk fisk direkte fra fiskar:

Fleire stader langs kysten har det vist seg vanskeleg for restaurantar og serveringsstader som ønskjer å tilby fersk fisk fanga lokalt på menyen, å få tilstrekkeleg tilgang på fersk fisk på grunn av mangel på godkjende fiskemottak og fiskebutikkar i rimeleg nærleik. Det er no åpna opp for at restaurantar, under visse føresetnader, kan kjøpe fersk fisk direkte frå fiskar. Der det ikkje er mottaksverksemd innan rimeleg avstand kan ein lande inntil 100 kg fersk, villfanga fisk direkte til restauranten. Både Fiskeridirektoratet, fiskesalslaga og Mattilsynet forvaltar regelverk som her er aktuelt.

Korleis kan godkjende serveringsstader og restaurantar bli registrert kjøpar?

1. Kontakt aktuelt fiskesalslag for vurdering og stadfesting på at etablisementet er omfatta av ordninga (gratis), sjå liste nedanfor.
2. Mattilsynet har utarbeida retningsliner om forenkla tilgang for fersk fisk for restaurantar og serveringsstader m.m. Retningslina fastset ei rekkje vilkår som må vere oppfylde ved levering av fersk fisk direkte frå fiskefartøy til restaurant. Retningslinene fins i PDF her: www.mattilsynet.no.
3. Serveringsstaden/restauranten må vere registrert i Fiskeridirektoratet sitt kjøparregister. Dette vert gjort ved å fylle ut skjema "[Søknad om registrering som kjøper i første hend m.v. Sjøgt kjøper utsteder og restaurant](#)". NB! Husk også påkravde vedlegg. Dette skal sendast til Fiskeridirektoratet.
4. Når serveringsstaden/restauranten er registrert som kjøpar, skal aktuelt fiskesalslag kontaktast for å stille bankgaranti eller tilsvarande sikkerheit for aktuelt kjøp.
5. Ved kjøp må all fisk vegast på offentleg godkjent vekt.
6. Når ovannemde punkt er oppfylde, vil sluttsetlar bli tilsendt.

Norges Råfisklag	tlf 77660100, www.rafisklaget.no
Sunnmøre og Romsdals Fiskesalslag	tlf 70102400 www.surofi.no
Vest-Norges Fiskesalslag	tlf 57855950, www.vnf.no
Norges Sildesalgslag	tlf 55549500 www.sildelaget.no
Rogaland Fiskesalgslag	tlf 99377755 www.rogfisk.no
Skagerakfisk	tlf 38124200 www.skagerakfisk.no